



Fyrst ue i mosjonsklassa: Magnhild Haugland, Gard Haugland og Maren Haugland Gundersen

Vossingane fornektar seg ikkje. 2 vossingar frå kvar sin klubb var best i Solfjell dette året og den eine sette ein svært sterk løyperekord. Det var Karoline Simpson Larsen som er 18 år og representerar Vargar. Ho kom inn på 47,24 medan den tidlegare rekorden til Margun Eik var 52,09. Karoline imponerte også under Skarverennet for stutt tid sidan - der vart ho best. I Norsgescupen fekk ho fjerdeplass. Viljars Hans Inge Klette kom inn på 41,16 og var dermed ikkje langt unna løyperekorden frå ifjor som Erlend Drivenes noterte seg for og som var 40,26. Han var ikkje med denne gongen. Klette har nyleg også sgra i Stalheimskleiva opp.



Nesten først i mosjonsklassa: Sølvi Eik, Eirin Larsen og Tilje Eik Larsen

Bestetidene i årets motbakkeløp i Uskedalen må vurderast mot vertilhøva i dag. Det var gråver og rundt 5 grader i fjellet og slett ikkje så ideelt som ifjor. Som ei påminning om vinteren som var låg det framleis ei stor snøskavle like før målpasseringa!



Dei 2 beste kvinnene på veg mot mål i eit overdådig landskap (under, foto Ståle Eik)

Veret verka nok også inn på oppslutnaden i mosjonsklassa der det var med 63.. Med fint ver ville nok talet vore høgare. I konkurranseklassa deltok 26 slik at årets tal var 89 mot 95 i fjor. Men oppslutnaden har eigentleg vore imponerende stabil dei siste åra i begge klassane.



No er det ikkje langt til mål! (Foto: Ståle Eik)

Avviklinga av Solfjelløpet var perfekt som den plar vera. UIL har ein rutinert stab som ikkje sviktar på noko punkt.



Her er konkurranseklassa:



Menn (40-59): 1. Kjetil Dyrvik Voss 45,26 2. Bjørn Harald Bongon Ulset 47.58 3. Steinar Haugland UIL 49,15 4. Kjetil Styrvoll Opptur Motbakkeklubb 49,20 5. Jan Magnar Sæle UIL 58.59

Kvinner (40-59): 1. Kjersti Simpson Larsen Vargar 49.36 2. Hildegunn Håland KK Bil 56.32 3. Hanne Liland Ulset 59.38

Menn 60 pluss: 1. Magne Heien Ternen 59.18 2. 59,18 2. Steinar Kroka UIL 1.06.50

Menn (19-39); 1. Håvard Austevold Stavanger Friidrett 23,02 2. Johannes Heien Ternen 47.22 3. Eirik Musland UIL 50.26

Jenter (15-18): 1. Karoline Simpson Larsen Vargar 47,28 2, Solveig Haugland UIL 59,22 3, Sara Guddal Rosendal 1,06,14

Gutar (15-18): 1. Hans Inge Klette Viljar 41,16 2, Henrik Bauge Rosendal 44,00 3, Johannes Haugland UIL 52,36 4. Tord Sæle. UIL 55.27

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Starten har gått og felt er i den fyrste motbakken